



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Kommunal- og moderniseringsdepartementet
Postboks 8112 Dep
0032 Oslo

FYLKESORDFØRAREN

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
14/4384	23.11.2015	48883/2016/L05	Eivind Vartdal Ryste	29.06.2016

Stortingsmelding om bærekraftige byar og sterke distrikt - innspel frå Møre og Romsdal fylkeskommune

Etter vedtak i Fylkesutvalet 27. juni 2016 har Møre og Romsdal fylkeskommune følgjande innspel til den komande stortingsmeldinga «Bærekraftige byer og sterke distrikter»:

1. Distrikts- og regionalpolitikken må ha som mål å utløyse distrikta og regionane sitt potensiale for bærekraftig, økonomisk vekst. Alle virkemiddel må difor vere målretta tilpassa til regionane sine særskilte muligheiter og utfordringar.
2. Rasjonell og påliteleg infrastruktur er ein viktig føresetnad for regionbygging. Samferdselstiltak kan bygge små arbeidsmarknadsregionar saman til meir attraktive regionar, ved at fleire får lettare tilgang til arbeidsplassar, utdanning, teneste- og fritidstilbod. Avstandar og aksept for pendling vil påverke resultatet, og store samferdselstiltak må sjåast i samheng med andre verkemiddel. Auka transport er ikkje noko mål i seg sjølv, og prioritering av tiltak må skje etter kva mål ein har for regionane. Vegar med regional funksjon, og tilførselsvegar til desse, må prioriterast.
3. Av omsyn til miljøet må meir av transporten over på kollektiv, gange og sykkel. Det er difor behov for at fleire enn dei 9 største byane får ta del i ordningar som skal bidra til dette. Primært må bymiljøavtalane utvidast til å gjelde små og mellomstore byar, alternativt kan det utviklast ein revitalisert variant av belønningsordninga tilpassa og retta mot slike byregionar. I tillegg vil det vere viktig å ha klare retningslinjer knytt til samordna areal- og transportplanlegging, og bruke dei aktivt i planlegginga, for å minimere transportbehova. I distrikta vil det vere nødvendig med ulike fleksible skreddarsydd kollektivløysingar som gir eit minimumstilbod.
4. Vi treng ein tydelegare politikk for småbyar og tettstader. Det er ambisiøst å skulle lage ei stortingsmelding som skal famne både storbyar og distrikt. Vi må hugse at folk flest bur midt i mellom, i tettstader og småbyar rundt i landet. Desse har også utfordringar når det gjeld miljø, trafikk, bustadpolitikk, næringsutvikling, etc.
5. Eit levande lokalsamfunn er avhengig av eit næringsliv i vekst. Næringslivet utviklar seg best i klynger. Framtidas næringsliv vil vere meir kompetanseintensivt, kompetansesarbeidsplassar er mest attraktive. Vi treng difor meir virkemiddel for forskingsbasert innovasjon i samspel mellom lokalt nærings- /arbeidsliv, forskingsinstitusjonar og høgskular/universitet.
6. Generelle virkemiddel, som skattelette, er bra, men ikkje nok. Regionane treng tydelege, regionalt forankra utviklingsaktørar med handlingsrom. Fylkeskommunen sin rolle som regional utviklar må vidareutviklast, og dei regionale utviklingsmidlane som verktøy må styrkast. Virkemiddelaktørane (Innovasjon Norge, Forskringsrådet, SIVA) må vere til stades,

og arbeide etter regionale strategiar. Innovasjon Norge må framleis ha regionale styre for å sikre regional forankring.

7. Integrering må inn i stortingsmeldinga i eit heilt anna omfang enn før. I fleire kommunar i Møre og Romsdal er no over 15 prosent av innbyggjarane innvandrarar. Integreringsarbeidet er i dag prega av sterk sentralstyring og fragmenterte ordningar. Integrering er for oss i Møre og Romsdal ein sentral del av arbeidet med lokal samfunnsutvikling, og bør vere ei viktig oppgåve for ein regional utviklingsaktør som fylkeskommunen.
8. Staten må bruke sine eigne retningslinjer, inkludert Statlege planretningslinjer om samordna bustad-, areal- og transportplanlegging, når lokalisering av statlege arbeidsplassar skal vurderast. Arbeidsmarknader vert meir attraktive og mindre sårbare når mangfaldet aukar. Lokalisering av statlege arbeidsplassar utanfor hovudstadsregionen bør vere ein sentral del av distrikts- og regionalpolitikken.
9. Eit aktivt kulturliv og frivillig sektor er avgjerande for attraktiviteten til ein bu- og arbeidsmarknadsregion. Ei ny stortingsmelding må legge til rette for kunst, kultur og frivillig verksemd som virkemiddel i både by- og distriktpolitikken og søke ein jamnare fordeling av kulturmidlar mellom dei ulike fylka. I samband med regionreforma, bør ein også vurdere å styrke regional styring av kultursektoren.
10. Regionale utdanningstilbod må framleis vere eit viktig element i distriktpolitikken. Dette gjeld både vidaregåande opplæring og studietilbod på høgskule- og universitetsnivå. Utdanningstilboda må vere tett kopla til det regionale arbeidslivet både innan privat og offentleg sektor. Søkjarar med vaksenrett til vidaregåande opplæring må, på lik linje med dei med ungdomsrett, leggjast til grunn ved dimensjonering av linjetilboda ved dei vidaregåande skulane. Auka kostnader må innarbeidas i rammeoverføringane frå staten.
11. Størstedelen av verdiskapinga i landet kjem frå distrikta, t.d. er Møre og Romsdal det nest største verdiskapingsfylket i landet både om ein måler i fastlandseksport per fylke og per innbyggjar. Det må takast større omsyn til dette når ressursar fordelast tilbake til næringsliv, fylkeskommunar, kommunar og når staten gjer sine prioriteringar innan samferdsel, forskning, utdanning og kultur. Møre og Romsdal fylkeskommune meiner at det må utviklast nye modellar og kriterium for prioritering av samferdselstiltak slik at ein får bygd nødvendig infrastruktur for bu- og arbeidsmarknader i dei verdiskapande fylka. Dette er viktig også for å unngå unødig opphopning i storbyane. Møre og Romsdal fylkeskommune meiner at den differensierte arbeidsgjevaravgifta er eit viktig og målretta tiltak som må vidareførast.
12. Målretta skattetiltak som sikrar at verdiane blir ført tilbake til der ressursane blir utnytta er viktig og kan gje økonomisk handlingsrom til lokal samfunnsutvikling. Eit døme på dette kan vere naturressursavgift og lokal eigedomsskatt.
13. Staten må legge til rette for at ungdom på enklare måte kan komme inn på bustadmarknaden. Det er viktig at behovet for bustader både for flyktningar, menneske i vanskeligstilte økonomiske situasjonar og unge er dekt. Det er nødvendig med gunstige lånefordelar, i tillegg ser ein det som gunstig at det blir løyvd meir midlar til kommunale bustader for fleire målgrupper.

Med helsing

Jon Aasen
fylkesordførar

Eivind Vartdal Ryste
seksjonsleiar